



Pressemelding 28. september 2020

## **Opnar Knarvik sjukeheim att**

### **Pasienten som vart innlagt på sjukehus sist veke var ikkje koronasmitta likevel.**

Sist veke veke isolerte Alver kommune ei gruppe med åtte personar på sjukeheimen etter at ein av pasientane i gruppa hadde testa positivt for Covid-19.

No har kommunen fått kontrabeskjed frå sjukehuset.

– Vi har fått tilbakemelding frå sjukehuset der pasienten var innlagt at den første testen var det vi kallar for «falsk positiv», fortel kommunalsjef for helse og omsorg, Leni Dale.

### **Nye prøvar er negative**

Smittevernlege Fredrik Grøvan ved Haraldsplass Diakonale Sykehus seier at dei kjenner til moglegheita for falske positive prøvesvar.

– Det kan vere ulike årsaker til at dette skjer; Det kan mellom anna skuldast at vedkommande har vore smitta før og at viruset kan bli påvist i lang tid etterpå eller ulike typar lab-tekniske feilkjelder, forklarar han.

Haraldsplass kan ikkje seie kva som har skjedd i dette tilfellet, men stadfestar at dei har tatt to nye prøvar. Begge prøvane har vore negative og gjer at sjukehuset kan konkludere med at pasienten ikkje er smitta likevel.

### **Tilsette tilbake på arbeid**

– Etter beskjednen frå Haraldsplass har vi kontakta dei pårørende og opna att for besøk til denne gruppa. Vi har også kalla tilbake dei tilsette som var nærkontaktar og måtte halde seg heime, seier Dale.

Ho er glad for at sjukeheimen er tilbake i normal drift og rosar dei tilsette for god handtering av situasjonen.

### Kontaktpersonar i Alver kommune:

- Leni Dale, kommunalsjef for helse og omsorg  
Mobil: 908 54 464